



Notat

Vår ref
2025/452-4

Sakshandsamar:
Knut Erik Paulsen, 35 07 52 47

Arkivkode:
151

Dato:
25.05.2025

Til: Magne Sturød

Frå: Knut Erik Paulsen

Tertialrapport 1. - PNK

Økonomi:

Planområde har hatt eit mindreforbruk enn budsjettert. Dette skuldast i hovudsak at vi ikkje har betala ut så mykje tilskot innanfor landbruk som budsjettert. Dette er noko som kan forandre seg gjennom året fordi ein veit ikkje kva for søknader som kjem inn og når på året dei kjem. Så langt i 2025 har det vore lite søknader.

Det er og ein mindreforbruk på lønn og det skuldast sjukemelding, og at vi ikkje har erstatta eller leigd inn vikar.

Sjukefråvær:

Planområde	Totalt fråvær	Korttid	Langtid
4	10,36 %	1,15 %	9,21 %

Det er høgt sjukefråvær på etaten no. Vi er få tilsette og når ein får sjukemelding på ein eller to tilsette så gjer dette store utslag. Vi arbeider aktiv med å få ned sjukefråværet.

Utfordringar:

Vi har no fått laga eit forslag til reguleringsplan Dalen som skal ut på høyring. Det er ein stor milepel, og det vil frigjere mykje kapasitet som gjer at vi kan starte på andre viktige utviklingsprosjekt i kommunen.

På grunn av sjukefråvær så har vi store utfordringar med å drive utviklingsarbeid innføre dei fleste fagområda. Vi må prioritere naudsynte oppgåver og vi hjelper kvarandre på tvers av fagområda for å oppretthalde gode tenester.